

Oppmannsrapport etter fellessensur

18/6-24

Molde

Oppmannsgruppa i Møre og Romsdal

1. Innleiing

- Eksamensinformasjonen er presis og lett å forstå.
- Det ser ut som om tidsramma for prøva er grei, og at dei fleste elevane har hatt tid til å jobbe med heile settet.
- Skular som berre bruker Ipad rapporterer at dei har problem med excel og formelutskrift.
- Det kan vere vanskeleg å vite om alle sider er levert når skulane ikkje nummererer vedlegg.
- Det er også viktig å passe på at oppgåver som er gjort digitalt ikkje inneheld namn.
- Nokre skular stemplar prøvesvara. Vi ser helst at dette ikkje blir gjort pga. anonymitet.
- Sensorane opplever at kompetansemåla er dekkja gjennom dette oppgåvesettet.
- Sensorretteiinga var betre, og det er positivt at oppgåvene er knytt til kjerneelementa.
- Vi ynskjer gjerne å sjå meir rekning eller vising av framgangsmåtar.

2. Kommenterar til eksamensoppgåva

2.1 Kommenterar til oppgåvene

- Fin variasjon i oppgåvene.
- Poengfordelinga var grei etter justeringa i førehandssensurrapporten.
- Vi har inntrykk av at oppgåve 1 og 5 på del 2 vart litt like med tolking av diagram og grafar i begge oppgåvene.

- Vi meiner det er fin progresjon i programmeringsoppgåva i år i forhold til oppgåva i fjor.
- Kanskje kunne oppgåve 2a på del 2 vore differensiert litt meir slik at det vart lettare å skilje mellom kompetansenivåa.
- Vi opplever at få elevar får vist nok kompetanse i oppgåve 8 på del 2, og då er det vanskelig å skilje mellom middels og høg kompetanse. Det var vanskeleg å vurdere denne oppgåva.
- På oppgåve 6 på del 1 var det litt misvisande bilde.
- Vi kunne gjerne tenkt oss at del 1 vart litt større og at elevane fekk vise litt meir rekning.
- Fin inngangsterskel på dei dei fleste oppgåvene.

2.2 Kommentarar til bruk av hjelpemiddel og digitale verktøy

- Vi ser framgang, og vi ser mindre skilnader i år enn tidlegare.
- Pass på at sidetal og kandidatnummer er med på desse sidene.
- Unngå namn.
- Sjølv om formelutskrift ikkje er eit krav, vil vi likevel tilrå alle å ta det med for å få vist framgangsmåtar.

3. Kommentarar til den praktiske gjennomføringa av eksamen

- Skulane må framleis passe på at alle sider blir scanna.
- Vi vil gjerne ha sidene rett veg når vi jobbar med dokumenta digitalt.
- Dobbelsjekk sidetal og kandidatnr.

4 Kommentarar til den praktiske gjennomføringa av sensuren

4.1 Sensurarbeidet

- Vi har motteke positive tilbakemeldingar frå både nye og erfarne sensorar.
- Vi set pris på digitale prøvesvar.
- Tilrettelegginga frå fylket har vore god.
- God informasjonsflyt.

4.2 Dokumenter: eksamensrettleiing, sensorrettleiing, vurderingsskjema og forhåndssensurrapporten

- God og informativ eksamensrettleiing og sensorrettleiing.
- Vi likte godt at oppgåvene var knytt opp til kjerneelementa.
- Det er viktig å vere merksam på at døma i sensorrettleiinga er elevsvar og ikkje ein fasit.

Frode Myklebust, Asta Hoem, Geir Ove Søyseth, Torill Lind